

* Priskontroll

Medan jordkjøpet til to mjølkebønder blir stoppa, får ein grønsaksbonde kjøpe jord til ein langt høgare **pris**. Det skapar reaksjonar.

Slaktaar ulik behandling av jordkjøparar

Behandlinga av tre saker om jordkjøp i Randaberg på Jæren skapar kraftige reaksjonar. Fylkesmannen i Rogaland varslar at jordkjøpet til to mjølkebønder kan bli stoppa på grunn av at den avtale prisen blir vurdert som for høg. Samtidig får ein av landets største grønsaksbønder grønt lys til å kjøpe jord av tilsvarende kvalitet til ein høgare kvadratmeterpris. Fylkesmannen grunnlegg vurderinga med at avkastinga frå produksjonen kan sannsynleggjere ein høgare pris.

– Må behandle alle likt
Mjølkebøndene som kan få jordkjøpet stoppa reagerer kraftig og kallar det forskjellsbehandling.

– Eg tok det som ei sjølvfølge at alle tre kom til å bli behandla likt. Eg hadde ikkje drøymt om at noko slikt kunne skje. Kva som er rett pris vil ikkje eg meine noko om, men alle må bli behandla likt, seier Trond Vistnes, som driv med mjølk, grisar, poteter og korn og leiår i Randaberg bondelag.

– Det kan ikkje vere slik at grønsaksbønder får betale ein høgare pris enn oss andre. Då blir det umogleg for oss å kjøpe jord. Alle kan ikkje drive med grønsaker, seier Jan Steinhar Bø, som sjølv har mjølk og poteter.

Begge seier det er viktig at priskontrollen på landbruksseigdommar blir praktisert, men dei viser til at brevet som tidlegare landbruksminister Sylvi Løsthaug (FrP) sende ut i desember 2013 i praksis sette priskontrollen ut av funksjon fram til nå nyleg.

– Det har ført til rot i systemet, seier Bø.

– Pris etter avlasting
Landbruksdirektør hjå Fylkesmannen i Rogaland, Geir Skadaberg, seier dei ser prisen på jord-

kjøpa i dei to «grassakene» som for høg ut frå tidlegare praksis. Dei ser annleis på saka der Einar Mikal Hanaasand, ein av landets største produsentar av salatar, vil kjøpe jord til ein opp mot 50 prosent høgare kvadratmeterpris.

– Hovudargumentet for at prisen ikkje er for høg i den saka er at produksjonen hans sannsynlegvis har ei avkastning som kan rettferdiggjere ein pris på 30 kroner per kvadratmeter. I tillegg hadde han ei sak i direktoratet i fjor der ein pris på litt over 30 kroner kvadraten blei akseptert. Ut frå det finn vi ikkje grunn til å prøve ei liknande sak på ny, seier han.

Skadaberg seier ein kan stille spørsmål ved om prispbrevet til Løsthaug har hatt innverknad på avgjerda i fjor, men han seier dei samtidig vurderer at direktoratet har gjort ei fagleg vurdering uavhengig av brevet. Han utelukkar ikkje at sakene skapar premedans. – Saka kan nok ha ein smitteeffekt på pris, men samtidig er det ikkje mange produsentar av hans dimensjon, seier Skadaberg.

– Er ikkje dette urettferdig?
– Ja, eg kan forstå at det skapar reaksjonar, men reglane opnar for å vurdere saker ulikt etter avkastingsverdi. Seljarar kan spørje seg kvifor dei skal få dårlegare pris om dei sel til mjølkebønder. Det har vi ikkje eit godt svar på, men

JORDKJØP
«Det kan ikkje vere slik at grønsaksbønder får betale ein høgare pris enn oss andre.»

JAN STEINHAR BØ
MJØLKE- OG POTETBONDE

jordprisen er viktig for at produksjonen skal vere lønsam. Prisane kan ikkje ta av, seier han.

– Kan grønsaksbønder betale meir enn andre for jorda nå?

– Vi får vente og sjå korleis det utviklar seg. Kjøparen må ha ei avkastning som kan forsvare prisen, seier han.

– Feil å skille etter bruk

Det lukkast ikkje Nationen å få kommentar frå Hanaasand i går. Vistnes seier jorda han vil kjøpe for 20 kroner per kvadrat har minst like god kvalitet som jorda Hanaasand vil kjøpe.

– Viss dette blir ståande, så kan følgjene bli at vi som driv vanleg jordbruk ikkje får kjøpe tilleggsgjord. Det blir heilt feil at ein får kjøpe til 30 kroner, medan nabobonden ikkje får betale meir enn 15 kroner for den same jorda, seier Vistnes.

Bø og Vistnes seier at det meste av jorda i kommunen er eigna til grønsaker. Dei er opne for at jorda blir prisa etter kvalitet, men dei seier det blir feil å skilje etter kva drift bonden har.

– Om ti år kan marknaden og drifta ha endra seg. Eg meiner det blir feil å differensiere etter bruken av jorda her og nå, seier Bø.

Han ville kjøpe jord som grensar inn til hans bruk. Driftsløysinga blei av kommunen omtalt som «svært god». Jorda Vistnes vil kjøpe ligg fire kilometer frå bruket, men han har leigd jorda i ti år. Jorda Hanaasand vil kjøpe ligg sju kilometer frå driftsentert.

– Hanaasand, som ikkje har dyr, får også kjøpe beite til 15 kroner kvadraten, medan eg får ikkje kjøpe potetjord til 20 kroner. Det er ikkje rimeleg, seier han.

BJARNE BEKKEMETJEN AASE
bjarne.aase@nationen.no



Jordkjøp: Mjølkebøndene Jan Steinhar Bø (t.v.) og Trond Vistnes frå Randaberg på at Fylkesmannen derinnot godtek at ein annan bonde får kjøpe same type jord.

Bondelaget be

Det er ikkje rett at nokre bønder får betale meir for jorda enn andre, ifølgje Bondelaget, som ber styresmaktene snu. Direktoratet seier tilfellet verkar unikt.

Leiår Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag seier det er viktig med ei restriktiv styring av prisen på dyrka jord. Bartnes seier prisen på jorda i dei tre omtalte sakene i Randaberg i alle samanhengar er «veldig høg», og han viser til at brevet til Løsthaug om ikkje å leggje avgjerande vekt på prisen i konsesjonssaker er skrinlagt.

– Brevet til Løsthaug er nå kjent ugyldig. Det er viktig at ein nå raskast mogleg reetablerer praksisen ein hadde før, seier Bartnes. Han seier prisen ved kjøp av tilleggsgjord må kunne forsvare ut frå avkastinga frå vanleg jordbruksdrift.

– Det blir opna for at grønsaksbønder kan betale meir?



fått varsel om at dei truleg ikkje får konsesjon til å kjøpe tilleggssjord til prisen dei har avtalt på 20 og rundt 25 kroner per kvadratkilometer. Dei reagerer kraftig same kommune for 30 kroner per kvadratkilometer. Her ute på eit av jordsdykkene som Bø vil kjøpe.

FOTO: BJARNE BEKKHEIMEN/AASE

om likebehandling av bønder

– Det er feil uttrykk. Det er ikkje rett at nokre produksjonar skal få rom til å betale meir enn andre. Generell jordbruksdrift må leggjast til grunn og ein må sørje for at bønder får ein mest mogleg lik sjanse til å sikre seg jordgrunnlag. Det motsette er feil veg å gå, seier Bartnes.

Han seier at inntening og marknaden i ulike produksjonar kan svinge og at det er viktig å leggje langsiktig avkastingsvane til grunn for jordprisane.

– Bønder må få mest mogleg like vilkår. Fylkesmannen bør lytte til reaksjonane og ta dei med

i sluttvurderinga, seier Bartnes. Seksjonssjef Aud-Ingrid Krefting i Landbruksdirektoratet seier ho ikkje kan uttale seg om konkrete saker sidan dei kan kome til behandling i direktoratet seinare.

På generelt grunnlag seier ho at det er jordas produktionsvane som må vere førande for prisen.

– Oppnar reglane for å la nokre bønder betale meir for jorda enn andre?

LIKEBEHANDLING
«Bønder må få mest mogleg like vilkår. Fylkesmannen bør lytte til reaksjonane.»

LARS PETER BARTNES
LEIAR I BONDELAGET



– Det er vanskeleg å svare konkret på. Det er jordas objektive eigenskapar og påreknaleg driftsform som er avgjerande, seier Krefting.

Ho seier det er opp til fylkesmennene å vurdere dei konkrete sakene ut frå regelverket og om vedtaket i fjor der direktoratet godtok ein pris på over 30 kroner per kvadrat, skapar presedens.

– Det må bli opp til Fylkesmannen å vurdere presedensverktøya den av vedtaket i fjor, seier ho.

Krefting seier dei ikkje kjemner til liknande saker eller har høyrte om andre priskontroll saker etter



Nationen 5. april

Fakta

Priskontrollen

* **Konsesjonsloven** regulerer omsetning av fast landbruksseigedom. Målet er å verne areala i landbruket og sikre samfunnsinteresser.

* **Eit av punkta** i loven det skal leggjast særskilt vekt på er «om den avtalte prisen tilgodeser ein samfunnsmessig forsvartlig prisutvikling».

* **Regjeringa** føreslo i desember 2013 å oppheve priskontrollen. Kommuneane blei i eit brev og bedne om ikkje å leggje avgjerande vekt på omsynet til pris fram til loven er endra.

* **Etter lang strid** blei Høgre, Frp, Venstre og KrF i februar einig om fleire endringar i priskontroll- og konsesjonsreglane. Stortinget vedtok òg å be regjeringa «presisere overfor landbruksforvaltninga, fylkesmannsembetet, kommunane og fylkeskommune at konsesjonslovens bestemmelsar om priskontroll skal følgjes». 23. februar sende landbruksministeren ut eit nytt rundskriv der det står at reglane om priskontroll skal følgjast.

* **Kommuneane** på Jæren har i ei årrekkje praktisert ein makspris på 10.000 kr per mål fulldyrka jord, der prisen kan aukast med opp til 50% ved sal av tilleggssjord der jorda og driftsføringa er god.

at brevet til Lishang blei trekt tilbake i februar.

– Vil de gå ut med nye retningslinjer for korleis reglane skal praktiseras?

– Nei, det blir i tilfelle opp til Landbruksdepartementet å vurdere. Om vi meiner det blir behov for det, så vil vi ta det opp med dei.

– **Må bønder nå sende inn rekneskapen for å vise at dei kan forsvare jordprisen?**

– Det er opp til kommunane og Fylkesmannen å hente inn dei opplysningane dei meiner er nødvendige, seier ho.